

Berekraftig verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Årsplan 2026



Innhold

Innleiing	3
1. Mål og satsingar	4
2. Mål og strategiar for satsingane i Handlingsprogram 2022 – 2025	5
3. Oppdrag og tiltak på tvers	6
4. Grøn næringsutvikling	10
5. Areal til næringsutvikling	16
6. Kompetanseutvikling i arbeidslivet	20
7. Innovative og inkluderande samfunn	26
8. Samarbeid og forpliktande partnerskap	31
9. Resultat- og effektmåling	34



Foto: Randi Lotsberg / Vestland fylkeskommune

Innleiing

Årsplan 2026 er under handlingsprogram 2022-2025 for Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland som er forlenga til dei to nye regionale planane blir vedtekne.

Den regionale planen er for fylket, ikkje berre fylkeskommunen. I årsplanen har vi identifisert tiltak som skal sikre at vi som fylke set retning mot å nå måla i planen. Fylkeskommunen eller andre partnerar er ansvarlege for å gjennomføre tiltaka – oftast i ein partnerskap. Alle tiltaka vil bli finansiert gjennom fylkeskommunen eller andre partnerar sine budsjett. Slik plasserer vi ansvar og sikrar ressursar til gjennomføring.

I Årsplan 2026 vidarefører vi mange av tiltaka frå 2025. Dei fleste var i utgangspunktet planlagde for fleire år. Nokre nye er komne til. Det er framleis ei overvekt av tiltak der fylkeskommunen rår over dei finansielle verkemidla. Like viktig som finansiering er tilrettelegging for møteplassar regionalt og lokalt, samordning av politiske initiativ og tilpassing og koordinering av støtteordningar som er spesielt relevante for næringslivet og kommunane. Dette er forsøkt synleggjort i årsplanen.

Årsplanen skal vere eit styringsverktøy for fylkeskommunen som planmynde, og for Næringsforum Vestland og Kompetanseforum Vestland i fellesskap. På slutten av året skal vi kunne sjekke av om tiltak gjennomført. Effekt av tiltaka vil ta lenger tid å måle.

Samanheng regional plan, handlingsprogram og årsplanar

1.0. Regional plan (2021-2033)

- 1.1 Visjon
- 1.2 Hovudmål
- 1.3 Satsingar
- 1.4 Mål for satsingane fram mot 2033

2.0. Handlingsprogram (2022-2025)

- 2.1 Delmål for satsingane fram mot 2033
- 2.2 Strategiar for perioden 2022-2025 for å nå delmåla
- 2.3 System for oppfølging, resultat- og effektmåling

3.0. Årsplanar

- 3.1 Prioritere tiltak, sikre ressursar og plassere ansvar for å gjennomføre tiltak det inneverande året
- 3.2 Vidareutvikle system for oppfølging, resultat- og effektmåling og kommunikasjon

Foto: Randi Lotsberg – Vestland fylkeskommune

Mål og satsingar

Visjonen og hovudmålet er vedteken i Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 →

Planen har fire satsingar →

og mål for kvar satsing →



For kvar satsing er det i tillegg etablert delmål og strategiar for perioden 2022-2025

MÅL: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



Grøn næringsutvikling

Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030

Delmål 1 / Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

1. Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen
2. Realisere heilskapleg verdikjede med netto nullutslepp for transport i Vestland
3. Styrke innsatsen for å sikre nye, store, berekraftige industrietableringar til heile fylket
4. Nytte kompetansen frå prosessindustrien og subsea til å utvikle ei grøn mineralnæring og næringsutvikling med vekt på lokal verdiskaping
5. Samordne innsatsen innan havnæringane for å realisere Vestland som verdas leiande havregion
6. Nytte store infrastrukturprosjekt til å skape innovasjon og regionale leveransemodellar
7. Utvikle hubbar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt
8. Vurdere om det er behov for nye tiltak eller ny organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget frå Grøn region Vestland

Delmål 2 / Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

1. Redusere dei største punktutsleppa til netto null
2. Realisere nullutsleppsløysingar i bygg- og anleggsnæringane
3. Bidra til grøn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar
4. Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
5. Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp



Areal til næringsutvikling

Rett areal til rett føremål til rett tid

Delmål 1 / Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heilskapleg

1. Næringslivet blir tidleg involvert ved planlegging av næringsareal
2. Sikre heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser
3. Legge grunnlag for eit meir effektivt planarbeid og sikre oppdaterte arealplanar
4. Sikre at rekkefølgekrav ikkje legg urimelege hinder i vegen for å nytte eigna areal

Delmål 2 / Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar

1. Legge til rette for nok eigna areal til grøn omstilling og innovasjon i næringslivet
2. Sikre berekraftig bruk av naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord

Delmål 3 / Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging

1. Samle og gjere kunnskap til bruk i arealplanar og planstrategiar lett tilgjengeleg for kommunane
2. Auke kapasitet og kompetanse i planarbeidet



Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

Delmål 1 / Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

1. Utvikle og styrke utdanningstilbodet retta inn mot det grønne skiftet
2. Byggje tverrgåande kompetanse for framtida i alle utdanningsløp
3. Halde på nyutdanna kandidatar i fylket og sikre at kompetansen deira er relevant for arbeidslivet
4. Styrke karriererettleiinga i grunnutdanninga
5. Ta i bruk karriererettleiing som verktøy i omstillingsprosessar

Delmål 2 / Det er god tilgang på arbeidskraft

1. Kartlegge og koordinere kompetansebehov som grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet
2. Utgreie og pilotere løysingar for desentralisert og fleksibel utdanning
3. Mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning
4. Gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible
5. Gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet
6. Rekruttere nye arbeidstakarar til fylket nasjonalt og internasjonalt

Delmål 3 / Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling

1. Etablere samarbeid om karriererettleiing på tvers av utdanningsnivå og sektorar
2. Tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilretteleggje utdanningstilbodet
3. Påverke nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra for regional kompetansepolitikk



Innovative og inkluderande samfunn

Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket

Delmål 1 / Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping


1. Jobbe for å gjere offentlege tenester meir tilgjengelege i heile fylket
2. Stimulere til auka bulyst gjennom å mobilisere til lokale initiativ og skape fleksible arbeidsplassar
3. Sikre god digital infrastruktur og -tenester i heile fylket
4. Samarbeid for å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør
5. Ta i bruk ressursane i heile befolkninga

Delmål 2 / God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

1. Sjå regionale, nasjonale og internasjonale nettverk og verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling i samanheng
2. Heilskapleg støtte til entreprenørar: Ein "koplingsboks" for gründerar og rådgjevarar
3. Felles innsats for å stimulere til forskning og forskingsbasert innovasjon



Oppdrag og tiltak på tvers



Tiltak på tvers



Tiltak		Sentrale aktører
1	Lyse ut tilskot som støtter opp om handlingsprogrammet for berekraftig verdiskaping i Vestland	Fylkeskommunen lyser ut midlar med grunnlag i Handlingsprogram 2022-2025
2	Nytte moglegheiter i internasjonalt samarbeid, spesielt EU sine samarbeidsprogram, for å forsterke prioriterte satsingar	Fylkeskommunen i samarbeid med universitet- og høgskulesektoren
3	Utvikle system for resultat- og effektmåling	Fylkeskommunen





Lyse ut tilskot som støtter opp om gjennomføring av handlingsprogrammet for berekraftig verdiskaping

Søkbare tilskotsordningar er eit kraftfullt verkemiddel for å nå måla våre.

Gjennom å lyse ut tilskot til aktørar i heile fylket har vi moglegheit for å få fram nye idear, skape synergi og nye løysingar for berekraftig verdiskaping.

Vestland fylkeskommune planlegg også i 2026 å lyse ut tilskot til prosjekt som kan støtte opp om måla for berekraftig verdiskaping i Vestland.

Handlingsprogram 2022-2025 har fire kritiske oppdrag for perioden





Grøn næringsutvikling

Mål: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030

DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til dei store omstillingsprosjekta i regionen	1	Optimalisere produksjon og bruk av fornybar energi som kjerneelement i industrielle symbiosar.	Det skal vere tett dialog med dei grønne hubane for å sikre rett energi til rett føremål i tråd med sirkulære prinsipp.	Grøn region Vestland	2024	2024-26	Omdefinert frå 2025
		2	Bidra til å posisjonere Vestland i verdikjeder for havvind	Sikre framdrift i arbeidet med verdikjede innan havvind, inkludert Vestavind B. Bidra til å bygge kompetanse og at bedrifter i Vestland har areal for havvindsatsing,	Fylkeskommunen, Grøn region Vestland, GCE Ocean, Energiomstilling Vest, Bergen næringsråd med fleire	2023	2023-27	Vidareført frå 2025
		3	Bidra til eit robust transmisjonsnett i fylket og nettkapasitet til hubbane	Dette skal vi gjere mellom anna gjennom høyringsuttalar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.	Fylkeskommunen	2026	2026	Nytt tiltak 2026
2	Realisere heilskapleg verdikjede med netto nullutslepp for transport i Vestland	1	Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart	Bidra til alternative drivstoff i skipsfart. Til dømes ved prosjektstøtte og arbeid for betre rammevilkår og vere positiv til aktørar som vil etablere produksjon eller bunkringsanlegg langs kysten. Maritim transport er ein av verdikjedane i hubbane i Grøn region Vestland. Fleire hubbane utviklar løysingar som vil påverke verdikjeda. Hubbane dekkar alle delar av verdikjeda for maritim transport og jobbar systematisk for å sjå på korleis ein kan bidra til å realisere verdikjeda til fulle.	Fylkeskommunen og Grøn region Vestland, i samarbeid med næringsaktørar	2022	2022-27	Vidareført frå 2025
		2	Bidra til å styrke hurtigladeinfrastrukturen	Vidareutvikle samarbeid og lyse ut støtte for elektriske køyretøy inkludert behova for tungtransport og drosjenæringa. Arbeide etter den reviderte ladestrategien vedteke av Fylkestinget i desember 2026.	Fylkeskommunen i samarbeid med statlege og private aktørar	2022	2022-25	Vidareført frå 2025

DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE		HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
3	Styrke innsatsen for å sikre nye store berekraftige industrietableringar til heile fylket	1	Styrke Invest In-arbeidet i heile fylket	Arbeide etter Handlingsplan 2026 for Invest in Vestland-familien. Skape verditilbud knytt til utvalde næringsareal/grøne hubbar i fylket.	Innovasjon Norge og fylkeskommunen	2023	2023-26	Omdefinert frå 2025	
4	Nytte kompetansen frå prosessindustrien og subsea til å utvikle ei grøn mineralnæring og næringsutvikling med vekt på lokal verdiskaping	1	Utvikle kompetanse om berekraftig mineralutvinning - medrekna utnytting av restmassar.	Utvikle kompetanse innan berekraftig mineralutvinning, utnytting av restmineraler og bygge eit kompetansemiljø. Vidareføring av HUB for Minerals vert viktig.	Fylkeskommunen, Sunnfjord og Askvoll kommunar	2024	2024-26	Vidareført frå 2025	
		2	Innhente betre kunnskapsgrunnlag for å stille krav ved utvinning av skjelsand	Det er behov for å innhente meir kunnskap om korleis skjelsandopptak føregår i dag, med tanka på krav om miljø og naturmangfald. Videre vurdere kva krav som kan stillast i løyve til utvinning i høve ny sentral skjelsandforskrift.	Fylkeskommunen	2026	2026-27	Nytt tiltak 2026	
5	Samordne innsatsen innan havnæringane for å realisere Vestland som verdas leiande havregion.	1	Styrka marin innsats	Prosjektet vil legge til rette for å styrke verdiskapinga innan akvakultur i Vestland, og redusere avtrykket på klima, miljø og naturmangfald. Det vert jobba etter plan for prosjektet. I 2025 vil vi mellom anna arbeide med arealutfordringar, nye utdanningsbehov, ressursnyutting, sirkulærøkonomi mm. Det er oppretta internt og eksternt samarbeid. Saman vil vi avdekke kunnskapshol, arrangere samlingar og delta i ulike nettverk.	Fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Innovasjon Norge og representantar for næringa og kunnskapsmiljøa - og Statsforvaltaren som observatør	2022	2022-26	Vidareført frå 2025	
		2	Styrke One Ocean Havbyen Bergen som felles satsing i Vestland	Sikre at One Ocean (Havbyen Bergen) kan bidra til å sette ein global agenda, marknadsføre Vestland som den globalt leiande havregionen og vidareutvikle økosystemet mellom forskning, utdanning og næringsliv som forsterkar kunnskapsbasert næringsutvikling	One Ocean Havbyen Bergen	2023	2023-26	Vidareført frå 2025	

DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
6	Nytte store infrastrukturprosjekt til å skape innovasjon og regionale leveransemodellar	1	Fremme sirkularitet og klimatilpassing i offentlege infrastrukturprosjekt gjennom til dømes Leverandørutviklingsprogrammet (LUP) og Berekraftsløftet Vestland	Stimulere til at offentlege aktørar stiller krav om sirkularitet ved store offentlege infrastrukturprosjekt, der samfunnsnyttig bruk av restprodukt vert vektlagt. Vi skal legge til rette for at leverandørar i Vestland kan posisjonere seg for å sikre verdiskapinga lokalt. Dette kan gjerast til dømes gjennom det nasjonale leverandørutviklingsprogrammet (LUP), der programansvarlege er NHO, KS, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Innovasjon Norge og Forskringsrådet. Fylkeskommunen er medlem.	Fylkeskommunen i samarbeid fleire	2023	2023-26	Omdefinert frå 2025
7	Utvikle hubbar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri	1	Oppfølging av dei grønne hubbane i Vestlandsporteføljen 3.0 i Grøn region Vestland	Etablere eit nytt prosjekt, Vestlandsporteføljen 3.0 frå og med 01.01.26. Følgje opp eksisterande hubbar og mobilisere til etablering av nye hubbar kring resterande utsleppspunkt og større industriområde.	Fylkeskommunen og Innovasjon Norge i samarbeid med Næringsforum	2022	2022-27	Omdefinert frå 2025
		2	Kartlegge potensiale for industriell symbiose i dei grønne hubbane og utvikling av forretningsmodellar.	Nytte kompetansen og metodikk i kapasitetsløftprosjeket BIOSIRKEL. Kompetanseheving på industriell symbiose både til dei hubbane i Grøn region, men òg andre interessentar.	Grøn region Vestland, NORCE	2023	2023-26	Vidareført frå 2025
8	Vurdere om det behov for nye tiltak eller organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget frå Grøn region Vestland	1	Systematisk oppfølging av barrierar for grøn omstilling	Grøn region Vestland er frå 2026 ei overbygging over sentrale satsingar for grøn omstilling av næringslivet i Vestland. Felles for desse er at dei arbeider med å redusere og overstige barrierar for grøn omstilling. Gjennom dialog og samarbeid skal Vestlandsporteføljen fange opp og løfte fram utfordringar, behov og moglegheiter som blir identifiserte i hubbane, og bringe desse vidare for konkret oppfølging regionalt eller som grunnlag for politisk påverknadsarbeid nasjonalt og i EU.	Næringsforum Vestland og Grøn region Vestland	2023	2023-25	Omdefinert frå 2025
		2	Styrke samarbeidet om eksport frå Vestland	Prosjektet Grøn region Vestland har fokus på å utvikle nye grønne verdikjeder. Det er avdekkja behov for sterkare samarbeid om eksport generelt ut over det som vert gjort i dette prosjektet. Vidare utvikle eksportkonferansen som eit viktig grunnlag for ei strategisk innretting på samarbeidet om å fremme eksport frå Vestland.	Bergen næringsråd, NHO, Innovasjon Norge, Vestland fylkeskommune	2024	2024-27	Vidareført frå 2025

DELMÅL 2 Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Redusere dei største punktutsleppa til netto null	1	Fortsette dialog og samarbeidsform med dei største punktutsleppa	Fortsette dialog frå rundebordskonferansen med dei store punktutsleppa i juni 2024, for å avklare moglegheiter for å samarbeide om å realisere utsleppskutt. Følgje opp aksjonspunkt og vidareføre dialogen. Arbeide for å innlemma alle dei store punktutsleppa i Vestland i Veslandsporteføljen 3.0	Fylkeskommunen samarbeid med NHO, Grøn region Vestland og andre aktørar	2022	2022-27	Omdefinert frå 2025
2	Realisere nullutsleppsløysingar i bygg- og anleggsnæringane	1	Stimulere til grøn omstilling av bygg- og anleggsbransjen i Vestland	Styrke samarbeid og kunnskapsdeling om innkjøp og anbod som verkemiddel gjennom å dele erfaringar frå igongsette aktivitetar og prosjekt. Styrke samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenørar og andre interessentar i anleggsnæringa gjennom til dømes Klimapartnerar Vestland og Leverandørutviklingsprogrammet	Fylkeskommunen, Leverandørutviklingsprogrammet, Klimapartnerane	2023	2023-26	Vidareført frå 2025
3	Bidra til grøn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar	1	Følgje opp Temaplan Landbruk, inkludert jordvernstrategi for Vestland fylke	Gjennomføre årsplan for 2026. Jord og areal er ei av hovudsatsingane i årsplanen. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som jobbar spesielt med dette.	Fylkeskommune i samarbeid med partnerskapen og landbruksnæringa	2023	2023-26	Vidareført frå 2025

DELMÅL 2 Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE		HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
4	Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet	1	Følgje opp Temaplan Reiseliv for Vestland fylke	Iverksetje årsplan for 2026 for reiseliv i samarbeid med partnerskapen innan reiseliv i fylket. Satsing på utvikling av lågsesongtilbod vert prioritert.		Fylkeskommune i samarbeid med partnerskapen og reiselivsnæringa	2023	2023-26	Vidareført frå 2025
		2	Gjennomføre større prosjekt om besøksforvaltning i samarbeid med kommunar i Vestland.	Prosjektet "Besøksforvaltning i Vestland" skal utvikle metodikk for beste praksis for berekraftig besøksforvaltning i kommunalt arbeid og i reisemålsleiinga. Det vert gjennomført i samarbeid med 23 kommunar.		Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, reiselivsorganisasjonane, Innovasjon Norge og Statsforvaltaren	2023	2023-26	Vidareført frå 2025
5	Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp	1	Styrke samhandling og kompetanse om sirkulærøkonomi og industriell symbiose	Det er mange initiativ på gong i fylket t.d. innan biodrivstoff, biokol og avfall frå land og sjø. Det er behov å styrke kompetansen og samhandling på området, mellom ulike aktørar og forvaltningsnivå. Vi skal bidra til styrka sirkulær økonomi gjennom koordinerte initiativ i samarbeide med forvaltning, næringsliv kommunal sektor og interesseorganisasjonar. Styrka kunnskapsgrunnlag, Knappe ressursar i ei sårbar tid og Offentlege innkjøp skal vere satsingsområde for arbeidet med styrka sirkulær økonomi i Vestland.		Fylkeskommunen i samarbeid med partnerar	2023	2023-26	Omdefinert frå 2025
		2	Vidareutvikle strategisk arbeid med sirkulær massehandtering	Innhente tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om massehandtering og uttak av byggjeråstoff (pukk og grus) i Vestland, for arbeid med ny regional plan for areal og mobilitet. Bidra til vidareutvikling av «Ressursforum for sirkulær massehandtering i Vestland»: utvikling av partnerskapen (Statsforvaltar – kommunar – næringsaktørar). Sentralt er arbeid med etablering og drift av Digitale marknadsplassar for overskotsmassar.		Fylkeskommunen med partnerar	2024	2024-26	Omdefinert frå 2025
		3	Få fram idear for nye forretningsmodellar knytt til sirkulære prinsipp	Dette omfattar å avdekke kva som er hindringar for å etablere samarbeid om industriell symbiose, som igjen sikrar økonomisk berekraft. Gjennom Vestlandsporteføljen vil ein utvikle og teste ut løysingar for redusert bruk av innsatsfaktorar og mindre utslepp. På hub-nivå er masterplanar og forankring hjå bedriftene sentralt. På regionalt nivå vil erfaringsdeling gjennom regionale og nasjonale nettverk vera viktig		Fylkeskommunen og Innovasjon Norge	2023	2023-27	Vidareført frå 2025



Areal til næringsutvikling

Mål: Rett areal til rett føremål til rett tid

DELMÅL 1 Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heilskapleg

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Næringslivet blir tidleg involvert ved planlegging av næringsareal		Ingen tiltak i 2026	(inngår i arbeidet med ny regional plan for areal og mobilitet)				
2	Sikre heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser	1	Sikre at heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser blir integrert i prosjektet "Styrka marin innsats"	Samarbeid med kommunane. Gje innspel gjennom arbeidsgrupper knytt til "Styrka marin innsats".	Fylkeskommunen i samarbeid med Statsforvaltaren	2024	2024-25	Vidareført frå 2025
3	Legge grunnlag for eit meir effektivt planarbeid og sikre oppdaterte arealplanar	1	Vurdere differensiert planlegging som verktøy	Temaet blir sentralt i oppfølging av utviklingsplan for Vestland 2024-2028. Særleg aktuelt i arbeidet med den nye sektorovergripande regionale planen for areal og mobilitet.	Fylkeskommunen	2022	2022-24	Vidareført frå 2025
4	Sikre at rekkefølgjekrav ikkje legg urimelege hinder i vegen for å nytte eigna areal		Ingen tiltak i 2026					

DELMÅL 2 Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Legge til rette for nok eigna areal til grøn omstilling og innovasjon i næringslivet	1	Utarbeide marine grunnkart i Vestland	Arbeidet er vidareført til to område på tilsaman 500 km; eit i Nordhordland og eit i Sunnhordland. Milepæl for geologiske kartprodukt er 31. mai 2027. Tiltaket er også knytt til styrka marin satsing.	Fylkeskommunen	2022	2022-27	Vidareført frå 2025
		2	Vidareutvikle regionalt arealrekneskap, som skal bli eit digitalt verktøy for formidling og analyse av arealbruk, natur og miljø.	Vidareutvikle kommunale og regionale arealrekneskap som verktøy for berekraftig arealforvaltning i Vestland (NYVEST). Det vil vise ulike arealtypar, arealbruk og eigenskapar ved areala. Det skal utarbeidast ei felles digital løysing, og som er til hjelp for kommunane og næringsaktørar. Framtidige løysingar for å gi oversikt over potensiale for fortetting og transformasjon av eksisterande næringsareal, vil bli vurdert. Det skal inngå i det heilskapelege arbeidet med arealrekneskap	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, Statsforvaltaren og forskingsorganisasjonar	2023	2023-25	Vidareført frå 2025
		3	Vidareutvikla nettsida med presentasjon av utvalde næringsområde for å trekke til seg prioriterte investeringar og etableringar, med kommersielle verkemiddel.	Det er behov for å ha samla oversikt over næringsareal i fylket i ein digital løysning, som kan nyttast av "Invest-in tenestene" i fylket og bygger på informasjon henta inn frå kommunane. Næringsareala skal vurderast opp mot potensial for kapital, kompetanse, industriell symbiose, infrastruktur, energi og transport. Eigedomsutviklar, privat eller kommunal, skal få verktøy for å kunne oppdatere informasjon ved endring av reguleringsplan. Vi inviterer kommunane til å vere med på korleis planlegging kan gjerast gjennom utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav.	Fylkeskommunen	2024	2023-24	Vidareført frå 2025
		4	Gi innspel for å tydeleggjere næringsinteresser i kommunal planlegging, til dømes innan industri, havbruk, energi og for hubbane i Grøn region Vestland.	1, Skaffe oversikt over arealbehov i hubbar for å realisere identifiserte prosjekt i Vestlandsporteføljen. Arbeidet må ivareta behov for å sikre rammevilkår for industriell symbiose og berekraft. 2, Med utgangspunkt i næringsparkane, definere ei bedrift eller ein industri som er ønskjeleg på to næringsareal i kvar region i Vestland – det vil seie to i Bergensregionen, to i Fjordane, to i Sogn og to i Sunnhordland. Dette skal gjerast av Invest in Vestland i tett samarbeid med eigarane av næringsareala	Fylkeskommunen og Grøn region Vestland	2024	2024-25	Vidareført frå 2025
2	Sikre berekraftig bruk av naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord	1	Følgje opp Temaplan for landbruk inkludert jordvernstrategi for Vestland	Følgje opp ambisjonar i Temaplan for landbruk om at Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern. Temaplanen skal også stimulere til å nå måla i klimaavtalen mellom jordbruket og staten, og på måtar landbruket kan hindre ureining.	Fylkeskommunen	2023	2023-27	Vidareført frå 2025

DELMÅL 3 Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Samle og gjere kunnskap til bruk i arealplanar og planstrategiar lett tilgjengeleg for kommunane		Ingen tiltak i 2026	(Aktivitet kjem fram under delmål 2, strategi 1, tiltak 2)				
2	Auke kapasitet og kompetanse i planarbeidet		Ingen tiltak i 2026					



Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Mål: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

DELMÅL 1 Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Utvikle og styrke utdanningstilbodet retta inn mot det grønne skiftet	1	Avdekke kompetansebehov i dei grønne hubbane	Ha dialog med bedriftene i dei grønne hubbane for å avklare om det er behov for å styrke kompetanse på område som er relevant for å få realisert dei planlagde innovasjonsprosjekta. Hubbane i Grøn region Vestland vil ved inngangen til 2026 arbeide vidare med prosjekta dei fekk midlar til i 2025 for utvikling av industrielle symbiosar og motverking a barrierane som står i vegen for å lukkast. Gjennom Centre of Vocational Excellence Hydrogen (H2CoVE) avdekker vi behov og foreslår tiltak innan hydrogensektoren.	Fylkeskommunen	2022	2022-27	Vidareført frå 2025
		2	Utvikle eit kompetanseprogram for industriell symbiose	Utvikle tilbod til bedrifter for å styrke kompetanse på industriell symbiose, sirkulær økonomi og innovasjonsleiing. Trekkje vekslar på erfaringar frå SNU 4.0 (Innovasjon Norge) og kunnskap i forskings- og utdanningsmiljø i fylket og internasjonalt. Vidareutvikle samarbeid med kompetansemiljø i Europa innan industriell symbiose.	Grøn region Vestland i samarbeid med utdanningsinstitusjonar	2024	2024-27	Vidareført frå 2025
		3	Sette saman kompetanse-program retta inn mot det grønne skiftet og Grøn region Vestland	Samle eksisterande etter- og vidareutdanningstilbod knytt til nye grønne verdikjedar og relevante tverrfaglege tema i eit kompetanseprogram. Med føremål om å synleggjere kva som finst og identifisere kva som manglar.	Utdanningsinstitusjonane og fylkeskommunen	2022	2022-27	Vidareført frå 2025
		4	Styrka informasjonsutveksling mellom næringslivet og kompetanseforuma i Vestland.	Dialog med relevante regionale kompetanseforum om status og behov for hubbane i Vestlandsporteføljen. Føremålet er å auke kjennskapen til kva som skjer i regionen og få innspel til kompetansetilbodet	Grøn region Vestland i samarbeid med regionale kompetanseforum.	2025	2024-27	Vidareført frå 2025
2	Byggje tverrgåande kompetanse for framtida i alle utdanningsløp	1	Løfte kompetansen på digitalisering og bruk av KI i offentlig sektor	Det er utfordrande for kommunane i Vestland å tilpassa seg ein ny digital kvardag med KI, nye sikkerheitskrav og ny kompetanse. Gjennomføre en pilot for å løfta kompetansen på digitalisering og bruk av KI i offentlig sektor.	Fylkeskommunen, KS, Digi Vestland, IKT Nordhordland og IKT Nordfjord	2026	2026	Nytt tiltak 2026
		2	Styrke digital kompetanse hos bedrifter i Vestland	Bedrifter i Vestland treng auka digital kompetanse. Teste å utvide BIO ordninga med digitalisering 2026.	Fylkeskommunen	2026	2026	Nytt tiltak 2026

DELMÅL 1 Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
3	Halde på nyutdanna kandidatar i fylket og sikre at kompetansen deira er relevant for arbeidslivet	1	Etablere fleire kontaktpunkt mellom næringslivet/bransjar og studentar ved universitet og høgskule	Etablere tettare dialog mellom arbeidslivet/bransjar/sektorar som har utfordringar med å rekruttere kompetent arbeidskraft og universitet/høgskule for å synleggjere kva kompetanse dei uteksaminerte kandidatane har og korleis dei kan knyte tettare kontakt under studieløpet. Det bør vurderast eigne kontaktpunkt for internasjonale studentar. Utdanning i Bergen sitt prosjekt Karrierekatapult (støtta gjennom Tilskot Berekraftig verdiskaping) er ein del av denne satsinga.	Næringsråd, bransjeorganisasjonar, NHO, universitet, høgskular, kommunar	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
4	Styrke karriererettleiinga i grunnutdanninga	1	Kompetanseheving på karriererettleiing til rådgjevarar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring	I 2026 skal det setjast i gang prosjekt med heilskapleg karriererettleiing frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring. Prosjektskular for vgs er Sandsli og Kvinnherad. Delfinansiert av HK-dir med 3 mill over 3 år.	Fylkeskommunen i samarbeid med karrieretenester på høgskule/universitet	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
5	Ta i bruk karriererettleiing som verktøy i omstillingsprosessar		Ingen tiltak i 2026					

DELMÅL 2 Det er god tilgong på arbeidskraft

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Kartlegge og koordinere kompetansebehov som grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet	1	Teste ut modellar for å kartlegge kompetansebehovet i utvalde yrkesgrupper/næringar	Undersøke om dei arbeidsmarknads- og utdanningsdataa vi har tilgang på i dag kan brukast til å gi oss eit klarare bilete av kompetansebehova i ulike yrker og næringar i fylket. Vi ynskjer å modellere framtidige behov for å identifisere moglege kompetansegap.	Fylkeskommunen	2025	2025-26	Vidareført frå 2025
2	Utgreie og pilotere løysningar for desentralisert og fleksibel utdanning	1	Vidareutvikle nettskulen i Vestland for å bidra til større breidde og auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring for unge og vaksne i heile Vestland	Tilby nettskule for at fleire skal få høve til å gjennomføre fagopplæring og etterutdanning innan fagområde kor det ikkje er eit vg2-tilbod i regionen. Tilpasse og vidareutvikle fleire nettbaserte modellar for opplæring i fellesfag og programfag for elevar med særlop eller full opplæring i bedrift. Nettskulen skal ha god tilbodsbreidde innanfor yrkesfagleg nettbasert opplæring for vaksne som ønskjer fagbrev. Skal vidareutvikle nettskulen sitt tilbod som bidreg til at lærlingar i 0+4 og 1+3-løp får tatt fellesfag og programfag.	Fylkeskommunen	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
		2	Utvikle digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar	Ein aukande del av utdanningsinstitusjonane sine tilbod er no digitale og/eller fleksible. Utlysinga "Forprosjekt - Nye utdanningstilbod" skal støtte opp om denne utviklinga, med eit særskilt fokus på å nå ut til distriktsområder.	Regionale kompetanseforum i samarbeid med utdanningsinstitusjonane	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
		3	Styrking av desentralisert og fleksibel utdanning gjennom utvikling av studiesentera	Fylkeskommunen overtok i 2025 forvaltninga av tilskot til studiesenter og skal lyse ut og tildele midlar. I tillegg til midlane frå staten er det behov for at fylkeskommunen også støttar studiesentera med eigne midlar. Et godt samarbeid mellom studiesentera, utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet i kommunane vil kunne styrke arbeidet med desentralisert og fleksibel utdanning. Vi bruker mellom anna samarbeidsmodellen Kompetanseforum Vestland til å følgje opp denne satsinga. 4 studiesenter har i 2025 fått støtte til studiesenterprosjekt for tre år (25-27) med atterhald om endringar i statsbudsjettet	Fylkeskommunen, utdanningsinstitusjonane og studiesentera	2025	2025-26	Vidareført frå 2025

DELMÅL 2 Det er god tilgong på arbeidskraft

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
3	Mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning	1	Utteksle erfaring om modellar for mobilisering til etter- og vidareutdanning for tilsette i privat og offentleg sektor	Nytte erfaringar frå pilotar og prosjekt som er gjennomført for å mobilisere bedrifter og tilsette til å ta i bruk etter- og vidareutdanning. Studiesentera vil ha ei sentral rolle i dette arbeidet.	Studiesentera i Vestland	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
4	Gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible		Ingen tiltak i 2026					
5	Gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet		Ingen tiltak i 2026	(Innsats inngår i Inkluderingsprosjektet (Innovative og inkluderande samfunn.))				
6	Rekruttere nye arbeidstakarar til fylket nasjonalt og internasjonalt	1	Mobilisere til fleire søkjarar til utdanningsprogram med låg innsøking som er viktige for arbeidslivet i fylket som heilskap og i ulike delar av fylket	Samordne og forsterke pågåande arbeid for å rekruttere fleire søkjarar til studiar med låg innsøking, men som har høg relevans for arbeidslivet i Vestland. Prosjekt i regi av ViLVite er en del av dette tiltaket.	ViLVite, HVL og UiB	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
		2	Trekke til seg og behalde arbeidskraft nasjonalt og internasjonalt	Det er behov for å avklare omfanget av dette og vurdere korleis ulike aktørar kan samarbeide på feltet	NAV, LO, NHO, VLFK	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
		3	Oppfølging av strategi for rekruttering til helseutdanningane og å auke attraktiviteten til helseyrka	Fylkestinget ba i 2024 om ein eigen strategi for korleis fylkeskommunen kan bidra til auka rekruttering av helsepersonell og personell innan velferdsyrka. Særleg viktig i arbeidet var det å sjå på tiltak som aukar talet elevar innanfor helse og oppvekstfag som går ut i lære. Strategien vart vedteke i fylkestinget i desember 2025. I 2026 skal det jobbast med oppfølging av strategien	Fylkeskommunen, utdanningsinstitusjonane	2025	2025-2026	Omdefinert frå 2025

DELMÅL 3 Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Etablere samarbeid om karriererettleing på tvers av utdanningsnivå og sektorar	1	Vidareføre nettverk for karriererettleingsaktørar i Vestland	Karriere Vestland har starta nettverket Karriereveiledning i Vest (KIV), eit nettverkssamarbeid Karriere Vestland har med Sammen Karriere, UiB Ferd og HVL. Arbeidet vert vidareført i 2026	Fylkeskommunen	2023	2023-26	Vidareført frå 2025
2	Tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilretteleggje utdanningstilbodet	1	Utvikle internasjonale samarbeidsprosjekt på kompetansefeltet	Vidareutvikle og etablere nye kontaktflater for å utvikle internasjonale samarbeidsprosjekt som kan bidra til å utvikle rett kompetanse for framtida. Prosjekt under Erasmus+ KA2 er særleg relevant	Fylkeskommunen	2024	2024-26	Vidareført frå 2025
3	Påverke nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra for regional kompetansepolitikk	1	Kompetanseforum sender felles uttale til nasjonale myndigheiter når det er aktuelt	Etter behov	Kompetanseforum Vestland	2023	2023-26	Vidareført frå 2025



Innovative og inkluderande samfunn

Mål: Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket

DELMÅL 1 Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Jobbe for å gjere offentlege tenester meir tilgjengelege i heile fylket		Ingen tiltak i 2026					
2	Stimulere til auka bulyst gjennom å mobilisere til lokale initiativ og skape fleksible arbeidsplassar		Ingen tiltak i 2026.	(Aktivitetar inngår i prosjekt for samordna samfunns- og næringsutvikling - sjå strategi 4)				
3	Sikre god digital infrastruktur og - tenester i heile fylket	1	Gjennomføre temaplan for breiband og digitalisering	Gjennom satsinga det digitale Vestland skal vi utvikle Vestland til å vere leiande i å utnytta potencialet som ligg i digitalisering. Vi skal drive fram eit felles digitalt løft ved å samle aktørar, byggje kompetanse og infrastruktur, og skape praktiske løysingar som gjer digitaliseringa til motor for grøn, inkluderande og berekraftig utvikling i fylket og bidreg til å posisjonere fylket som digitalt leiande i Noreg. - Digital infrastruktur: Arbeid med god digital infrastruktur (gigabit og mobildekning) - Digital samfunnsutvikling: Arbeid med velferdsteknologi, KI-verktøy og digitalt utanforskap - Digital kompetanse: Arbeid med bedriftsintern opplæring cybersikkerheit og teknologi og sirkulærindustri - Digital næringsutvikling: Arbeid med e-helse, grøn omstilling og datadeling	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunar, DigiVestland, IKT Samarbeida, KS, IT-forum Vest, EDIH Oceanopolis, Siva-aktørane og samarbeidsavtalane våre	2026	2025-27	Omdefinert frå 2025

DELMÅL 1 Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
4	Samarbeid for å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør	1	Prosjekt: Styrka samarbeid for berekraftig utvikling, tilpassa kommunen sine behov inkludert gjennomføre læring for næring i samarbeid med KS.	Samordna og tilpassa nærings- og samfunnsutvikling opp mot kommunane i Vestland. Pilot med 6 utvalde kommunar for å prøve ut nye måtar å samhandle på internt i fylkeskommunen og med kommunane, tilpassa kommunane sine ulike behov. Prosjektet skal vere godt koordinert med KS og eksisterande nettverk og satsingar med kommunane. Det gjeld til dømes "Nettverk for industrikommunar", besøksforvaltning og LivOGLyst. Integrere internasjonalisering som verkemiddel. Samarbeide med KS om kompetanseheving for kommunane gjennom 'Læring for næring'.	Fylkeskommunen, KS	2023	2024-26	Omdefinert frå 2025
5	Ta i bruk ressursane i heile befolkninga	1	Gjennomføre ei strategisk satsing for å styrke inkludering og integrering i arbeidslivet med prosjektet "Inkludering i Vest."	Satsinga skal legge til rette for samspel mellom offentleg sektor, næringsliv, forskings- og utdanningssektoren og frivillig sektor. Vi skal forsterke og vidareutvikle samarbeidsformer og løysingar, og utvikle nye tiltak der det er behov. Internasjonalt samarbeid er aktuelt å etablere.	Næringsforum Vestland	2024	2024-27	Vidareført frå 2025

DELMÅL 2 God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
1	Sjå regionale, nasjonale og internasjonale nettverk og verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling i samanheng	1	Sikre at bedrifter i alle kommunane i Vestland har tilgang på tenester frå Siva-programma og at næringshagane og inkubatorane har god gjennomføringskraft	Legge til rette for kompetanseutvikling, godt samarbeid og utnytting av samla ressursar og verkemidlar. Sikre næringshageprogramtilbod i Sunnfjordregionen og Indre Hardanger og Kvinnherad.	Fylkeskommunen og Siva	2023	2023-26	Vidareført frå 2025
		2	Stimulere til meir entreprenørskap blant studentar i Vestland	Legge til rette for gode entreprenørskapsaktivitetar på tvers og Utvikle gode system/nettverk for å identifisere student entreprenørskapsidear. Auke talet på søknader frå Vestland til Innovasjon Norge si ordning STUD-ENT	Agenda Vestlandet, VIS, UiB, NHH, HVL, fylkeskommunen	2024	2024-26	Vidareført frå 2025
		3	Stimulere til at større regionale samarbeidsinitiativ får støtte frå nasjonale og internasjonale ordningar	Vidareføre ei søkbar ordning for å utvikle større regionale samarbeidssøknader til nasjonale og internasjonale ordningar innan berekraftig verdiskaping frå. t.d. klyngeprogram, Kapasitetsløft, Katapult, Erasmus+, Horisont Europa, Interreg og Digital Europe. Posisjonere Vestland inn mot samarbeidsalliansar og plattformer i EU og forsterke den regionale forankringa i søknadsinitiativ.	Fylkeskommunen, i samarbeid med FoU-forum m.fl.	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
		4	Bruke EU sine nettverk til å bygge partnerskap og prosjektutvikling	Vi skal identifisere og delta aktivt i europeiske nettverk som er relevante for oppfølging av ambisjonane i "Berekraftig verdiskaping". Vi skal synleggjere moglegheiter for samarbeid gjennom deltaking i desse nettverka, og gjere dei kjent Vestland sitt verdiforslag inn i desse nettverka. European Regions Research and Innovation Network og energinettverket ENLIT er aktuelle eksempel. Kople internasjonale aktørar på innovasjonsmiljøet i Vestland.	Fylkeskommunen, Vestlandet sitt Brusselkontor	2024	2024-26	Vidareført frå 2025
2	Heilskapleg støtte til entreprenørar: Ein "koplingsboks" for gründerar og rådgjevarar	1	Heilskapleg støtte til entreprenørar	Kople gründerar med rett rådgjevarar og støtteapparat til rett tid i prosessen med å etablere bedrift. Førstelinjetenesta må styrkast og gründerar i heile fylket bør ha eit likeverdig tilbod. Vi skal vidareutvikle NærNet: nettverket for førstelinjetenesta for gründerar i Vestland. Vi skal framleis jobbe med å profesjonalisere bruken av "En vei inn" i Vestland, og gi innspel til Innovasjon Norge om vidareutvikling av løysinga.	Fylkeskommunen i samarbeid med Innovasjon Norge og Kjernegruppa	2022	2022-26	Vidareført frå 2025

DELMÅL 2 God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2026
3	Felles innsats for å stimulere til forskning og forskingsbasert innovasjon	1	Styrke arbeidet med næringsretta forskning	Styrke og vidareutvikle FORREGION Vestland og etablere ordninga Forskingsfinanisering Vestland som kan kompensere for bortfall av Regionalt forskingsfond Vestland.	Fylkeskommunen	2024	2024-26	Vidareført frå 2025
		2	Strukturert og langsiktig samarbeid for å få fleire nye forskingssenter og nærings- og fagklynger til Vestland	Tiltaket skal støtte regionale aktørar i nasjonale og internasjonale konkurransar om finansiering av større prosjektsamarbeid, senter og innovasjonsinfrastruktur. Viktig å oppnå betre tilpassa søkjarrettleiing og meir samarbeid på tvers av næringar, fagfelt og geografi i søknadsprosessar.	Fylkeskommunen i samarbeid med FoU-forum Vestland	2022	2022-26	Vidareført frå 2025
		3	Meir målretta forskingsformidling til aktuelle brukargrupper	Gjere forskning meir tilgjengeleg for dei som kan dra nytte av funn i forskinga, eksempelvis ved å formidle forskinga gjennom møteplassar med relevant kunnskapsbehov. Legge sterkare vekt på forskingsformidling og prøve ut nye modellar som del av FORREGION Vestland. Forankring i FoU-forum Vestland.	Fylkeskommunen i samarbeid med FoU-forum Vestland	2023	2023-26	Vidareført frå 2025
		4	Utvikle, ta i bruk og formidle kunnskapsbaserte verktøy for å fremme industriell symbiose og sirkulære verdikjeder	Tiltaket skal utvikle og gjere tilgjengeleg kunnskap med relevans for dei mange sirkulærøkonomiske initiativa og potensial i Vestland. Aktuelle verktøy vil t.d. vere omgrepsavklaring, kompetanseprogram, tilgjengeliggjering av relevant forskning og å sette kunnskap i relevant kontekst for ulike brukargrupper. Merksemd på livsløpsvurdering (LCA) og EU sin "green deal" er relevant for arbeidet.	Fylkeskommunen	2024	2024-26	Vidareført frå 2025



Samarbeid og forpliktande partnerskap



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Samarbeid og forpliktande partnerskap

Gjennom samfunnsutviklarrolla og som planmynde tek fylkeskommunen ansvar for leiing og koordinering av arbeidet.

Vi skal styrke samarbeid mellom næringsliv, offentlig sektor, forskning og innbyggjarane i Vestland.

I årsplanen bygger vi vidare på det gode samarbeidet vi har etablert i det nye fylket gjennom:

- Næringsforum Vestland
- Kompetanseforum Vestland
- FoU-forum Vestland
- Partnerskap innan landbruk
- Partnerskap innan reiseliv
- Partnerskap innan breiband og digitalisering
- Partnerskap innan marin sektor
- Grøn region Vestland og «Team Vestland»

Kommunar og regionråd er viktige aktørar i oppfølginga av planen. Likeins må **næringslivet og partnerane i arbeidslivet** vere tett involvert og engasjert i arbeidet.

Næringsforum Vestland representerer sentrale partnerar i fylket. Næringsforum har som oppgåve å:

- utvikle felles årsplanar og sikre framdrift i arbeidet
- sikre koordinert og effektiv bruk av offentlege ressursar til innovasjon og næringsutvikling i heile fylket
- sikre samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av konkrete tiltak.

Kompetanseforum Vestland har hovudansvar for å koordinere og overvake innsatsen innan «Kompetanseutvikling i arbeidslivet»

Meir om [Næringsforum Vestland](#), [Kompetanseforum Vestland](#) og [FoU-forum Vestland](#)



Verktøy og verkemiddel

For å nå måla i planen må vi ha verktøy og verkemiddel, som er dynamiske og basert på behov.

Vi nyttar ulike typar i gjennomføring av tiltaka

- Økonomiske
- Politiske
- Forvaltningsmessige
- Juridiske
- Samhandling og møteplassar
- Forsking / kunnskap / FoU
- Internasjonalt samarbeid



Resultat- og effektmåling



System for resultat- og effektmåling

Utvikling av eit felles system for resultat- og effektmåling for gjennomføring av den regionale planen er del av handlingsprogrammet for 2022-2025.

For å kunne måle resultat og effektar av prioriterte innsatsar, skal det nyttast eit indikatorsystem som har tre nivå:

Nivå 1: Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentlig statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.

Nivå 2: Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.

Nivå 3: Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Eit sett med indikatorar er bestemt i handlingsprogrammet – sjå meir på nettsida: [Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling](#).

Nokre av indikatorane er eigna for å overvake utviklinga på fylkesnivå, andre kan brytast ned til region- eller kommunenivå og kan kryssast med andre variablar, som næringskoder, yrkesgruppe, alder med vidare. Fleire kan nyttast til å måle resultat og effekt av konkrete tiltak og verkemiddel.

Det har ikkje vore kapasitet til å utvikle eitt samla system for resultat- og effektmåling for Berekraftig verdiskaping. Vi er avhengige av å få på plass eit felles system for fylkeskommunen, knytt opp til ny utviklingsplan for Vestland (2024-2028).

I mellomtida er det utvikla fleire nyttige ressursar:

- statistikk for [Verdiskaping i Vestland](#) og [etablering av nye verksemdar](#)
- [kunnskapsgrunnlag](#) for kompetanse i arbeidslivet
- [dashbord](#) for Grøn region Vestland
- [kunnskapsgrunnlag](#) for arbeidet med ny utviklingsplan for Vestland 2024 -2028.